



Notat

Dato: 07.06.2018
Arkivsak: 2018/11655-2
Saksbehandlar: arnasan

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesordførar

Tannhelsetenesta - samarbeid med barnevernet

Representanten Aud Karin Oen har stilt spørsmål om tannhelsetenesta sitt samarbeid med barnevernet. Spørsmåla har utgangspunkt i eit doktorgradsarbeid utført av Ingfrid Vaksdal Brattabø på tannhelsetenesta sitt kompetansesenter.

Kor mange meldingar har Hordaland samanlikna med andre fylke?

Tannhelsetenesta i Hordaland sendte i 2017 totalt 73 bekymringsmeldingar til barnevernet. Av desse var 52 grunna gjentakande «ikkje møtt», og 21 var grunna mistanke om ulike former for omsorgssvikt.

Tannhelsetenesta i Hordaland er den største offentlege tannhelsetenesta i landet. Sett i høve til innbyggjartal i fylket og tal tilsette i tannhelsetenesta er dette noko lågare tal på bekymringsmeldingar samanlikna med mange andre fylker.

Er det skilnad som ein kan sjå mellom einskilde tannhelsedistrikt?

Oversikten viser skilnad i meldingsfrekvens mellom tannhelsedistrikt og ikkje minst mellom tannklinikkar. Nokre tannklinikkar sender sjeldan eller tilnærma aldri bekymringsmelding. Dette indikerer at meldeplikta ikkje alltid blir oppfylt. Resultata frå doktorgradsarbeidet gir grunnlag for at fylkestannlegen må iverksetta tiltak både for tannhelsetenesta samla, på distriktsnivå og på klinikknivå.

Kva fokus og opplæring er det på dette området?

Tannhelsetenesta i Hordaland, tannhelsetenesta i Rogaland og tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane har utforma felles rutinar og malar for sending av bekymringsmelding. Rutinar og malar er utarbeidd i samarbeid med Statens barnehus Bergen, Statens barnehus Stavanger og Ressurssenter for vold og traumatisk stress (RVTS vest).

Det er inngått samarbeidsavtalar mellom tannhelsetenesta og barnevernstenesta i alle kommunar i Hordaland. Samarbeidsavtalen er inngått mellom den lokale tannklinikken og tilhøyrande barnevernskontor. I samsvar med samarbeidsavtalen skal det vera minst årlege samarbeidsmøter mellom barnevernstenesta og tannhelsetenesta, og møtet skal fortrinnsvis haldast på tannklinikken slik at alle tilsette får høve til å delta og møta dei tilsette i barnevernstenesta.

Tannhelsetenesta i Hordaland har ein person tilsett i deltidsstilling som såkalla «ressursperson barnevern». Tilsette kan ta kontakt med vedkomande med spørsmål om meldeplikta og rutinar, samt på anonymt

grunnlag drøfta si bekymring i enkeltsaker. Målsettinga med å ha ein «ressursperson – barnevern» er å senka terskelen for å senda bekymringsmelding.

Alle ny-tilsette i tannhelsetenesta får ei førelesning om omsorgssvikt, meldeplikt og rutinar som ein del av tannhelsetenesta sitt introduksjonskurs.

Om dette talet er lågt/lågare enn det ein ser i andre fylke, kva tiltak kan ein setje i verk?

Utøving av meldeplikt til barnevernet er komplekst, og det kan vera vanskeleg å avgjera når melding skal sendast. Fylkestannlegen i Hordaland er med utgangspunkt i resultata frå doktorgradsarbeidet i ferd med å iverksetta tiltak. Tiltaka vil til dømes vera:

- I samarbeid med UiB styrke opplæringa innan samarbeid med barnevernet i grunnutdanninga for tannlegestudentar
- Gi generell opplæring til alle tilsette i tannhelsetenesta, og ei meir målretta opplæring på enkelte tannklinikkar
- Sikra at alle tannklinikkar gjennomfører samarbeidsmøter med barnevernet i tråd med føringane.

Det er viktig å påpeika at målet ikkje nødvendigvis er å senda flest mogleg bekymringsmeldingar. Målet er at tannhelsepersonell blir så trygg som mogleg når det gjeld å avdekkja ulike former for omsorgssvikt og senda bekymringsmelding slik at dei utøver meldeplikta i tråd med lova si intensjon og til beste for borna.